



Dale grendalag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1513 - 14/11213

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

13.10.2014

Invitasjon til å delta i kulturminneregistrering

Radøy kommune skal laga ein kulturminneplan, som skal gje oversikt over kulturminna i kommunen og ei prioritering av dei viktigaste. I samband med dette, skal det gjennomførast ei registrering av kulturminne i heile kommunen. Det som skal registrerast er i første rekkje bygningar eldre enn 1900, men og vegar, kaier og kulturminne knytt til næringsverksemd.

Me inviterer med dette dykkar lag til å delta i kulturminneregistreringa. Lag som bidrar, vil få ei godtgjersle for arbeidet. Me ynskjer deltakarar i alle aldrar med interesse for kulturarv velkomne. Det viktig at så mange som mogleg i Radøy lærer seg kulturminneregistrering, og dette kan til og med bli ein fin hobby som set ein ekstra piff på søndagsturen!

Ta kontakt om dykkar lag eller einskildpersonar i dykkar lag ynskjer å vera med på dette.

Det vil verta halde kurs i kulturminneregistrering søndag 26. oktober kl. 15.00-19.00 på rådhuset på Manger. Kurset vert halde i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og er gratis og ope for alle. Det er ei føremon om dei som skal delta i kulturminneregistreringa er med på kurset.

Ta kontakt med underteikna om dette er noko som er interessant for dykkar lag. Eg kan kontaktast på e-post: bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12. For meir informasjon, sjå www.radoy.kommune.no/kulturminneplan. Påmeldingsfrist for kurset er 23. oktober.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dale grendalag			
Keipane Kystlag			
Kolstad krinslag			
Manger Bygdelag	Odd Matre	5936	MANGER
Manger grunneigarlag			
Marøy grendalag v/Vigdis Marøy		5937	BØVÅGEN
Marås 4H	Björg Konglevoll Lunde	5938	SÆBØVÅGEN
Marås Grendalag v/Terje Halland	Lervikvegen 30	5936	MANGER
Nedre Storheim/Kalnes Bygdelag	Grethe Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy sør grunneigarlag			
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Risnes grunneigarlag			
Sletta Bygdelag	Kåre Stang	5939	SLETTA
Sætre Grendalag	Gerd Helen Bøe	5936	MANGER
Vetås Bygdelag	Geir Rydland	5938	SÆBØVÅGEN